

Fritidsbustader og fritidsbuande: Utfordringar og mulegheiter – dagens situasjon og framtidas bilde

Mariann Villa
Norsk senter for bygdeforskning
Værnes 23.03.11

Forskningsprosjekt ved Bygdeforskning

Kjelder:


Andrehjemsfenomenet og nye bygdekonflikter (2007-2011)

Rural mobilitet (2007-2010, samarbeid med Agderforskning)

To nasjonale spørjeundersøkingar:

- By, bygd og fritidsboliger 2008
Statistisk representativt utval av den norske befolkninga, hyttebefolkninga og befolkninga i rurale hyttekommunar
N = 2680 (38,3 prosent)
- Norske kommuner og fritidsbefolkningen 2009
230 ordførarar (53,5 prosent)

Intervju med hytteeigarar og lokalbefolkning



Studien av hyttefolk og hyttebruk 2008

- 55 prosent av befolkninga eig eller disponerer hytte
- Hyttefolk har ein gjennomsnittsalder på 50 år
- 50/50 hyttefolk med primær bustad i by eller land
- Fleirtalet (72 prosent) har 3 timar eller kortare køyretid til hytta
- Tilbrakt gjennomsnittleg 36 dagar på hytta
- 23 prosent brukte hytta mellom 41 og 100 dagar
- 15 prosent kunne tenkje seg å busette seg permanent i hyttekommunen
- 25 prosent kan tenkje seg å busette seg der i delar av året
- 70 prosent av hyttefolket er yrkesaktive
- 83 prosent oppgjev samvere med familie som viktigaste aktivitet på hytta
- deretter turgåing, skigåing, bærplukking og venner

Perspektiv på fritidsbefolkninga

A) Fritidsbefolkninga som inntrengjarar

- fortrenging av grupper?
- Internasjonal forskning: fastbuande kan oppleve gjennomgripande negative konsekvensar av hytteutviklinga
 - byfolk (hyttefolk) med god økonomi
 - kravstore hyttefolk
 - hyttefolk beslaglegg dei mest attraktive landareala m.m.

Fritidsbefolkninga og bygdebefolkninga – konflikt eller harmoni?

Klare og systematiske forskjellar i korleis bygdefolk opplever hyttefenomenet.

Mest positive:

- dei som er direkte økonomisk involvert i hytteturismen
- bygdefolk som er øvst i den sosiale lagdelinga i bygdesamfunnet

- 54 prosent av bygdefolket seier at dei av og til eller ofte har sosial kontakt med hyttefolket
- 52 prosent av bygdefolket seier at dei har omgangsvener blant hyttefolket
- Eit mindretal av bygdefolket opplever konflikt i forhold til hyttefolket
- Norske ordførarar (2009) opplever at forholdet mellom fritidsbefolkninga og ulike lokale grupperingar er mest harmonisk.

Moglege forklaringar

- generelt sosial likskap i Noreg, utbreiinga av og tradisjonane med å eige hytte
- større landområde – mindre konkurranse
- konsesjonsordning i enkelte kommunar skil heilårs- og fritidsbustadmarknaden
- bygdefolk ser nytten av hytteturismen
- **hyttefolket er lite integrert i det sosiale bygdelivet?**

..men...

- alle hytteområde/hyttefelt er ikkje 'for alle'
- etterspørselen etter småbruk på bygda til fritidsbustadføremaal?
- ein viss skepsis til ytterlegare vekst i fritidsbustader (fastbuande og fritidsbefolkning)
- ønske om å avgrense mengda av store, moderne fritidsbustader

- 49 prosent av norske ordførarar (2009) opplever at fastbuande og fritidsbefolkninga til ei viss grad eller i stor grad konkurrerer på same eigedomsmarknaden
- regionale forskjellar
- gradar av sosial kontakt
- stille før stormen? sterkare konfliktrar mellom bygdefolk og hyttefolk i framtida?

B) Fritidsbefolkninga som livsstilsflyktningar

- fridom, natur, fred og ro
- dei urbane sin rekreasjonsmåte?
- småbruk som fritidsbustad
- ein alternativ og idealisert livsstil?
- mot-urbanisering og flytting?

Kritikk av 'eksotisk & autentisk'

- 45 prosent av utanbygds hyttefolk har slekt i hyttekommunen




Forskningsprosjekt

Rural mobilitet - Fritidsboliger

- Alle kommuner ▶
- Urbane hyttekommuner ▶
- Bykommuner ▶
- Hovedsiden
- Om tjenesten
- Lenker

Nord-Trøndelag

Stjørdal



	Antall	Prosent	Eierskap for hytter i Stjørdal kommune	
Innbyggere i hele kommunen	20273		1550 Fret	1
Totalt antall registrerte hytteeiere i kommunen	2043		1560 Tingvoll	3
Menn:		60,89%	1601 Trondheim	236
Kvinner:		39,11%	1617 Hitra	2
Under 45 år:		21,10%	1621 Orland	1
45-59 år:		41,75%	1634 Oppdal	1
Over 60 år:		37,15%	1638 Orkdal	1
Antall hytter i denne kommunen	1278		1640 Røros	2
Hytter med ukjent eierkommune	175		1653 Melhus	3
Registrerte eiere fra andre kommuner	608		1662 Klæbu	2
Antall hytter pr innbygger	0,06		1663 Malvik	20
			1665 Tydal	1
			1702 Steinkjer	6
		Side 4 av 24	1703 Namsos	66
			1711 Meråker	12
			1714 Stjørdal	670
			1717 Frosta	1
			1719 Levanger	12

[Første](#) [Førrige](#) [Neste](#) [Siste](#)

C) Fritidsbefolkninga som ressurs

- potensial for utvikling i distrikt og hyttekommune
- hytteturisme som næringsveg er satsingsområde
- sysselsetting, inntekter, etterspørsel etter lokale varer og tenester, kompensere for fråflytting
- lokaløkonomiske konsekvensar

- bygdefolk sine *samla* vurderingar av hytteturismen heller i positiv retning – tru på hytteturismen

Problemstillingar og tema

Ein ferierande motstraum

- meir enn to tredjedelar av norske bygdekommunar er hyttekommunar
- bygder og kommunar vert fråflytta eller går ned i folketal samtidig som fritidsbefolkninga aukar
- vert tilbodet (service og teneste) på 'uttynningsplassane' oppretthalde på eit nivå som fritidsbefolkninga etterspør?

Ny møtestad, behovet for den større hytta og bybebyggelse

- eigen kjernefamilie/vaksne barn/barnebarn vert 'gjenforeina' på hytta
- moderne familiekos krev plass
- hyttefelt

Belastning på hyttekommunen?

- Pensjonistar og trygda brukar hytta oftast
- Tydelege og sesongbaserte toppar
- 77 prosent av kommunane har ikkje lagt ein strategi for å takle sesongavhengig etterspurnad etter pleie- og omsorgstenester

Fritidsframtida - meir på bygda?

- Ifølgje norske ordførarar (2009) ga 41 prosent av og til eller ofte tillating til bruksendring frå heilårsbustad til fritidsbustad
- Veksten i fritidsbustader siste tiår har særleg vore i område stadig lengre vekk frå hovudstadsregionen, i småsenterregionar

Eit unnytta potensial?

- 45 prosent av utanbygds hyttebrukarar har slekt busett i hyttekommunen
- 20 prosent har sjølv tidlegare budd i hyttekommunen
- 15 prosent kan tenkje seg å flytte til hyttekommunen
- 5 prosent av kommunane har utforma strategi for å få fritidsbefolkninga til å bli fastbuande

Kva kan interkommunalt samarbeid om hytteturisme bidra med?

- 36 prosent av samarbeider til ein viss eller i stor grad med andre kommunar

Moglege paradoks

- investerer i storleik og komfort - tek avstand frå byliknande busetnad i hyttekommunen
- sentralisering og fortetting i hyttefelt - på tvers av det ein søker med hyttelivet
- mettingspunkt der attraktiviteten vert forbigått av utnyttingsgraden?
- "behovsprøvd planlegging" (etter kva ein veit hyttefolket søker) - og det økonomisk rasjonelle behovet for mest mogleg inntekt og vekst?